

## Til kommunestyret i Øygarden kommune

Vi vil med dette stille spørsmål ved vurderingane som er gjort i den føreslåtte plasseringa av robustbustadar på Ågotnes

Er det gjort ei risikovurdering i prosessen?

Vi ber med dette om ei utsetjing av vedtaket, for å sikra at argumenta våre blir høyrde og blir tekne med i vurderinga.

### Kriterium

Kommunen oppgir følgjande kriterium for plassering av bustadane:

*“Ved lokalisering av slike bustader er det lagt til grunn fleire kriterium som skal ivareta både bebuar, nabolag og tenester. Døme på dette er at bustadene ikkje skal etablerast tett på eksisterande rusmiljø og skal ikkje liggja i direkte nærleik til barnehage og/eller skule. For å unngå konflikt skal bustadene heller ikkje lokaliserast midt i etablert busetnad.”*

Kva er grunngjevinga for desse kriteria? Slik vi ser det fell ikkje dei føreslåtte plasseringane på Ågotnes innunder desse kriteria.

- 1. Nærleik til aktivt rusmiljø:**  
Ågotnes har i periodar hatt store utfordringar knytt til rus og kriminalitet, særleg blant ungdom. Vil plasseringa av desse bustadene kunne auke tilgangen til rusmidlar for sårbare ungdommar?
- 2. Nærleik til skule og barnehage:**  
Begge plasseringane er i gangavstand til skule og barnehagar. Kva meinast med umiddelbar nærleik? Vil ikkje konsekvensane vera dei same sjølv om det ikkje reknast som umiddelbar nærleik?
- 3. Nærleik til etablert busetnad med mange barnefamiljar:**  
Begge tomtene ligg nær område med mange barnefamiljar og i kort gåavstand til kollektivtransport, helsepersonell og dagligvarehandel. Dette er også skuleveg for barn på Ågotnes barneskule og på Tranevågen ungdomskule. Kan plasseringa føre til at barn blir utsett for skremmande hendingar?
- 4. Nærleik til barnevernsinstitusjon**  
Det er mange kommunale bustadar på Ågotnes og den føreslåtte tomte ved Haggardsvatnet ligg tett på ein barnevernsinstitusjon. Kan dette føre til konflikt og auka risiko for dei svakeste i vårt lokalmiljø?
- 5. Nærleik og bruk av bussterminal**  
Ågotnes skule har ikkje eigen skulebuss tilknytt skulen og barna tek rutebuss til terminalen. Ågotnes terminal er også ein hengeplass for ungdom heile døgnet, i mangel på gode møteplassar i nærområdet. Kan plassering av bustadane føre til uheldige situasjonar med barn og unge på terminalen?

Open prosess

Kommunen ønsker «*ein god og open prosess i møte med nabolag og at det vert gjeve rett informasjon til rett tid*».

Vi undrar oss over kva som meinast med dette når nabolaga ikkje blir tatt med før plasseringane er vedtekne. Blir ikkje dette meir eit informasjonsmøte snarare enn ein dialog?

### **Oppfølging**

I tilrådinga frå Levekårsutvalet heiter det at «*etablering av robustbustader føreset kontinuerleg oppfølging og tilsyn.*»

Kva midlar og ressursar er sett av til dette? Har t.d. politiet fått auka ressursar i området?

### **Lokalt engasjement**

Ågotnes har den siste tida vist positiv utvikling og engasjement for å skape eit betre lokalsamfunn. Å plassere robustbustadar her kan kan tolkast som ei bevisst auke i totalbelastninga på eit av dei mest utsette områda i kommunen. Det kan svekke optimismen og engasjementet, og dermed motarbeide kommunen sitt mål om å støtte opp om lokalt engasjement.

Vi håpar de tek dykk tid til å tenke gjennom desse problemstillingane og utsett vedtaket.

Vi ynskjer dialog i denne saka og vi vonar at vår uro blir tatt på alvor.

Med vennleg helsing,

Ågotnes Grendalag, Polleide Grendalag, Søre Valderhaug velforening, Sameiene på Valderhaug, Eide og Kårtveit Velforening, Vindenes Vel, FAU ved Tranevågen ungdomsskule, SU ved Tranevågen Ungdomsskule, FAU ved Landro skule, FAU ved Ågotnes skule